



Rindal kommune
Rindalsvegen 17
6657 RINDAL

Saksbehandler, innvalgstelefon
Anders Dalland Mona, 74 16 81 98

Utsett spreiefrist til 22. september for spreieing av organisk gjødsel på eng utan nedmolding

Statsforvaltaren forlenger for Trøndelag spreiefristen for organisk gjødsel på eng utan nedmolding til 22. september. På arealet som blir gjødsla bør det i år, etter gjødslinga, takast ei avling enten ved slått eller beiting.

Tilleggsvilkår etter 15. september:

- Det kan maksimalt spreiest tre kg ammonium-N per daa, normalt 3-4 tonn gjødsel per daa.
- Det kan ikkje spreiest nærare opent vatn enn 10 meter.
- Eng som kan bli fløynd over ved flaum, skal ikkje gjødselast.

Bakgrunn for vedtaket

Trøndelag har hatt ein sommar og haust med svært krevande ver. Dette har gjort at mange ikkje har fått til å spreie siste rest av husdyrgjødsla for å ha tilstrekkeleg lagerkapasitet for vinteren. Etter forskrift om lagring og bruk av gjødsel er 15. september siste frist for spreieing av organisk gjødsel på eng utan nedmolding. Her skal det og same år haustast avling ved slått eller beiting etter siste gjødsling. Dersom gjødsla blir nedmolda er siste frist for spreieing 1. november.

Forlenging av spreiefristen kan medføre auka fare for tap av næring til vatn enn spreieing innan fristen. Dersom fristen ikkje vart forlenga ville ein truleg få auka omfang av spreieing med nedmolding, der fristen er 1. november. Statsforvaltaren vurderer at ei slik nedmolding i år truleg vil måtta gjerast under dårlege tilhøve og med auka fare for avrenning av både jord og næringsstoff. Vi forventar at ein det av næringsstoffa i den gjødsla som blir spreidd på eng blir tatt opp i graset før vinteren set inn.

Statsforvaltaren si totalvurdering er at når sommaren og hausten har vore vanskeleg, så vil ei lita forlenging av fristen ikkje gje redusert måloppnåing av forskrifta samanlikna med å spreie innan fristen under umogelege og svært ugunstige tilhøve. Krava om avstand til vatn, avgrensa gjødselmengd, samt ikkje å tillate spreieing på flaumutsett areal, reduserer fare for tap til vatn.

**Heimel for dispensasjonen**

Heimel for dispensasjonen er § 32 i forskrift om lagring og bruk av gjødsel. Statsforvaltaren kan der i særlege tilfelle gje dispensasjon frå regelverket med unntak av frå dei delane i forskrifta som ligg til Mattilsynet, delar av § 22 og heile § 24 og § 25.

Med helsing

Audhild Slapgård (e.f.)
direktør
Landbruks- og reindriftsavdelingen

Anders Dalland Mona
fylkesagronom
Landbruks- og reindriftsavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor inga underskrift

Likelydende brev sendt til:

Steinkjer kommune	Postboks 2530	7729	STEINKJER
Namsos kommune	Stavarvegen 2	7856	JØA
Meråker kommune	Rådhusgata 7	7530	MERÅKER
Stjørdal kommune	Postboks 133 / 134	7501	STJØRDAL
Frosta kommune	Fånesvegen 1	7633	FROSTA
Levanger kommune	Postboks 130	7601	LEVANGER
Verdal kommune	Postboks 24	7651	VERDAL
Snåasen Tjielte/ Snåsa kommune	Sørsivegen 6	7760	SNÅSA
Lierne kommune	Heggvollveien 6	7882	NORDLI
Raarvihken Tjielte/ Røyrvik kommune	Røyrvikveien 5	7898	LIMINGEN
Namsskogan kommune	R. C. Hansens vei 2	7890	NAMSSKOGAN
Grong kommune	Postboks 162	7871	GRONG
Høylandet kommune	Vargeia 1	7877	HØYLANDET
Overhalla kommune	Svalivegen 2	7863	OVERHALLA
Flatanger kommune	Lauvsneshaugen 25	7770	FLATANGER
Leka kommune	Leknesveien 67	7994	LEKA
Inderøy kommune	Vennalivegen 7	7670	INDERØY
Selbu kommune	Gjelbakken 15	7580	SELBU
Tydal kommune	Tydalsvegen 125	7590	TYDAL
Trondheim kommune	Postboks 2300 Torgarden	7004	TRONDHEIM
Rennebu kommune	Myrveien 1 Berkåk	7391	RENNEBU
Åfjord kommune	Øvre Årnes 7	7170	ÅFJORD
Røros kommune	Bergmannsgt. 23	7374	RØROS
Osen kommune	Rådhusveien 13	7740	STEINSDALEN
Skaun kommune	Postboks 74	7358	BØRSA
Frøya kommune	Postboks 152	7261	SISTRANDA
Hitra kommune	Rådhusveien 1	7240	HITRA
Holtålen kommune	Helsetunet 7	7380	ÅLEN
Malvik kommune	Postboks 140	7551	HOMMELVIK



Melhus kommune	Rådhusveien 2	7224	MELHUS
Midtre Gauldal kommune	Rørøveien 11	7290	STØREN
Oppdal kommune	Inge Krokanns veg 2	7340	OPPDAL
Indre Fosen kommune	Postboks 23	7101	RISSA
Rindal kommune	Rindalsvegen 17	6657	RINDAL
Heim kommune	Trondheimsveien 1	7200	KYRKSÆTERØRA
Orkland kommune	Postboks 83	7301	ORKANGER
Nærøysund kommune	Postboks 133, Sentrum	7901	RØRVIK
Ørland kommune	Postboks 43	7159	BJUGN

Kopi til:

Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
-----------------------	-------------	------	-----------